



Arkivnr: 2015/5869-116

Saksbehandlar: Eva Vinjevoll

Saksframlegg**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--|--------|------------|
| Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland | | 24.09.2019 |

Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - 3.tildeling 2019**Samandrag**

I Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) sitt budsjett for 2019 er det sett av 1 600 000 kr til tilskotsordninga for lokale trafikksikringsarrangement. Ordninga har tre fristar i året, og etter dei to fristane 15.januar og 1.mai er det gjeve tilsegn på til saman 902 800 kr til 28 arrangement. Det betyr at det gjenstår 697 200 kr til denne tildelinga. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, altså til trafikantretta tiltak, ikkje fysiske tiltak. Det er eit viktig prinsipp at FTU skal kunne vere ein bidragsyta ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Til søkerfristen 1.september 2019 kom det inn 13 søker, med ein samla søkersum på 738 385 kr. Fylkesrådmannen vurderer at åtte søker er kvalifiserte til støtte og innstiller på at det blir delt ut til saman 206 385 kr til desse. Midlane blir fordelt på bakgrunn av kriteria vedtatt i PS 42/2018, som mellom anna vektlegg den trafikkfaglege kvaliteten, kor mange deltakarar det er på arrangementa og om dei finn stad i ein trafikksikker kommune.

Økonomi: Tilskotsmidlane er henta frå budsjettet midlar disponert av fylkestrafikksikringsutvalet

Klima: Trafikkopplæring og kjensle av tryggleik er grunnleggande føresetnader for at dagens barn og unge vel gange og sykkel føre bil når dei veks til.

Folkehelse: Same føresetnader som nemnt ovanfor er viktig for at barn og unge skal ferdast til fots eller på sykkel til og fra skule og fritidsaktivitetar

Regional planstrategi: Satsing på trafikkopplæring og tilrettelegging for fysisk aktivitet frå ung alder er viktig for å styrke konkurransekrafta til gange og sykkel som klimavenlege transportformer.

Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) fordelar midlar til lokale trafikksikringsarrangement slik:

| Søkjer | Namn på arrangement | Søknadssum | Totale utgifter | Tilskot |
|-------------------------|----------------------------------|------------|-----------------|-----------|
| Bømlo kommune | Markering av Nasjonal refleksdag | Kr 30 000 | Kr 35 000 | Kr 30 000 |
| Samnanger kommune | Sykkelkids | Kr 10 000 | Kr 10 000 | Kr 10 000 |
| Trygg Trafikk Hordaland | Sykkellys-aksjon haust 2019 | Kr 100 000 | Kr 140 000 | Kr 90 000 |
| Undarheim barnehage | Trafikksikring | Kr 50 000 | Kr 50 000 | Kr 0 |

| | | | | |
|------------------------------|--|------------|----------------------------------|------------|
| Kvinnherad kommune | Tryggare skuleveg | Kr 19 385 | Kr 19 385 | Kr 19 385 |
| Kvam Herad | Informasjonstavler | Kr 120 000 | Kr 120 000 | Kr 0 |
| Voss sentrum | Badnaslepp (Smalahovesleppet) | Kr 40 000 | Kr 87 500 | Kr 40 000 |
| Kvinnherad kommune | Trafikkdagar i Bringedalsbygda barnehage | Kr 10 000 | Kr 10 000 | Kr 5 000 |
| Sædalens FAU | Refleksvestaksjon 2019 | Kr 2 000 | Kr 5 500 | Kr 2 000 |
| FAU Undarheim skule | Aktive barn – Tryggare skuleveg | Kr 27 000 | Kr 27 000 | Kr 10 000 |
| FAU Ulsmåg skule | Hjertekunstsone | Kr 110 000 | Kr 570 000 fordelt på tre skular | Kr 0 |
| Møhlenpris oppveksttun skole | Hjertekunstsone | Kr 110 000 | Kr 570 000 fordelt på tre skular | Kr 0 |
| Bergen kommune | Hjertekunstsone | Kr 110 000 | Kr 570 000 fordelt på tre skular | Kr 0 |
| Totalt | | Kr 738 385 | Kr 1 074 385 | Kr 206 385 |

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 09.09.2019

Bakgrunn

I Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) sitt budsjett for 2019 er det sett av 1 600 000 kr til tilskotsordninga for lokale trafikksikringsarrangement. Det er til saman tre fristar i året for denne ordninga, og etter fristane 15.januar og 1.mai har det blitt gitt tilsegn på til saman 902 800 kr til 28 arrangement. Det betyr at det gjenstår 697 200 kr til denne tildelinga. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, altså til trafikantretta tiltak, ikkje fysiske tiltak. Det er eit viktig prinsipp at FTU skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Tilskotsordninga har eksistert sidan 2011, og vi har observert stadig aukande tal på søknader. Innan fristen 1.sept 2019 kom det inn 13 søknader til lokale trafikksikringsarrangement, med ein samla søknadssum på 738 385 kr, men fylkesrådmannen vurderer at ni av søknadane kvalifiserer til støtte på dette tidspunkt.

Ein oversikt over innkomne søknader gjennom denne ordninga viser følgjande:

| | | |
|-------|----|----------|
| 2011: | 11 | søknader |
| 2012: | 16 | søknader |
| 2013: | 15 | søknader |
| 2014: | 18 | søknader |
| 2015: | 18 | søknader |
| 2016: | 20 | søknader |
| 2017: | 27 | søknader |
| 2018: | 21 | søknader |
| 2019: | 44 | søknader |

I 2019 er det kome inn 44 søknader fordelt på tre søknadsfristar (15.jan, 1.mai og 1.september). Det er fleire enn noko år tidlegare, men ikkje alle søknadane kvalifiserer til støtte under denne tilskotsordninga. Kriteria for ordninga vart vedteke av FTU i november 2018, PS 42/2018.

Kriteria for tilskotsordninga:

- Ved tildeling vektlegg vi trafikkfagleg kvalitet og kor sentralt haldningsskapande trafikksikringsarbeid står i arrangementet.
- Prioritet til trafikksikringsarrangement og trafikkopplæring i kommunar som inngår i Trafiksikker kommune-arbeidet.
- Prioritet til frivillige organisasjonar som driv med kontinuerleg og regionalt forankra trafikktryggleiksarbeid.
- Vi vektlegg kor godt arrangementet treff fylkestrafikksikringsutvalet sine tre satsingsområde.
- Kor breitt eit arrangement når ut, vert vurdert opp mot storleiken på søknadssummen.
- Arrangementet skal finne stad i Hordaland.
- Tilskotet kan ikkje nyttast til administrative kostnader og andre driftsutgifter.
- Det er krav til eigendel på minimum 25 prosent dersom kostnaden til arrangementet overstig 30 000 kr.
- Det er mogleg å söke midlar til arrangement som blir gjennomført før sak om tildeling blir handsama politisk.
- Tilskotsmottakarar skal rapportere på bruken av midlane.
- Fylkesrevisjonen kan setje i verk kontroll med at tilskotet er nytta slik det var føresett.
- Dersom tilskotsmottakar gjev misvisande opplysningar eller ikkje brukar tilskotet i samsvar med vilkåra vil tilskotet verte avkorta/inndrage.

Oversikt over søknadane av 1.september 2019

| Søkjer | Namn på arrangement | Søknadssum | Totale utgifter | Tilskot | Kommune |
|------------------------------|---|-------------------|-------------------------------------|-------------------|------------|
| Bømlo kommune | Markering av Nasjonal refleksdag på Bømlo | Kr 30 000 | Kr 35 000 | Kr 30 000 | Bømlo |
| Samnanger kommune | Sykkelsikring | Kr 10 000 | Kr 10 000 | Kr 10 000 | Samnanger |
| Trygg Trafikk Hordaland | Sykkellysaksjon haust 2019 | Kr 100 000 | Kr 140 000 | Kr 90 000 | Bergen |
| Undarheim barnehage | Trafikksikring | Kr 50 000 | Kr 50 000 | Kr 0 | Kvinnherad |
| Kvinnherad kommune | Tryggare skuleveg | Kr 19 385 | Kr 19 385 | Kr 19 385 | Kvinnherad |
| Kvam Herad | Informasjonstavler | Kr 120 000 | Kr 120 000 | Kr 0 | Kvam |
| Voss sentrum | Badnaslepp (Smalahovesleppet) | Kr 40 000 | Kr 87 500 | Kr 40 000 | Voss |
| Kvinnherad kommune | Trafikkdagar i Bringedalsbygda barnehage | Kr 10 000 | Kr 10 000 | Kr 5 000 | Kvinnherad |
| Sædalens FAU | Refelksvestaksjon 2019 | Kr 2 000 | Kr 5 500 | Kr 2 000 | Bergen |
| FAU Undarheim skule | Aktive barn – Tryggare skuleveg | Kr 27 000 | Kr 27 000 | Kr 10 000 | Kvinnherad |
| FAU Ulsmåg skule | Hjertekunstsone | Kr 110 000 | Kr 570 000 fordelt på tre skular | Kr 0 | Bergen |
| Møhlenpris oppveksttun skole | Hjertekunstsone | Kr 110 000 | Kr 570 000 fordelt på tre skular | Kr 0 | Bergen |
| Bergen kommune | Hjertekunstsone | Kr 110 000 | Kr 570 000 fordelt på tre skular | Kr 0 | Bergen |
| Total | | Kr 738 385 | Kr 1 074 385 | Kr 206 385 | |

Det er altså søkt om til saman 738 385 kr fordelt på 13 søknader. Av dei 13 søknadane vurderer fylkesrådmannen at åtte kvalifiserer til støtte på til saman 206 385 kr. Dei arrangementa er alle i hovedsak rette mot barn og unge og skal gjere det tryggare for barn å ferdast i trafikken gjennom bruk av lys og refleks eller opplæring av trafikkreglar og sykkelferdigheter. Av dei som ikkje kvalifiserer til støtte er to å rekne som fysiske tiltak, det eine til å oppruste uteområdet i ein barnehage, og det andre til å henge opp informasjonstavler. Dei tre søknadane om Hjertekunstsone er ein del av det same prosjektet, og kvar skule har søkt om 110 000 kr kvar, medan totalkostnaden på 570 000 kr er for alle tre til saman. Fylkesrådmannen vurderer desse søknadane til å ikkje vere modne for å söke midlar enno.

Under går saksutgreiinga vidare inn på dei enkelte arrangement.

Markering av Nasjonal refleksdag på Bømlo

Bømlo kommune markerer årleg refleksdagen saman med skular og andre trafikantar. Dei har planlagt filmvisning, standar med naudlysetatane og utdeling av refleks. Alt skal skje i samarbeid med naudlysetatar, trafikkskular, skular og vaksenopplæringa. Dei bruker 35 000 kr på arrangementet, og søker om å få dekt 30 000 kr av desse. Bømlo er Trafikksikker kommune og tiltaket når ut til mange trafikantar. Bømlo kommune har søkt midlar til dette arrangementet tidlegare år. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 30 000 kr.

Sykkelskids i Samnanger

Samnanger kommune søker midlar til å gjennomføre sykkeloplæringa Sykkelskids for 6.klassingane i kommunen. Sykkelskids er eit opplæringsprogram som har fått svært gode tilbakemeldingar, og som held høg kvalitet. Samnanger kommune søker om 10 000 kr som skal dekke eigenandelen til å gjennomføre programmet. Dei har søkt midlar til dette tidlegare. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 10 000 kr.

Sykkelaksjon haust 2019

Trygg Trafikk Hordaland ønskjer å sette fokus på viktigheita av bruk av sykkellys. Det søker om 100 000 kr til utfoming og trykking av materiell, innkjøp av sykkellys, i tillegg stiller samarbeidspartnerar og Trygg Trafikk sjølv opp med ressursar og materiell. Totalkostnaden er 140 000 kr. Prosjektet er eit samarbeid mellom Trygg Trafikk Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Sykkelskids. Det er ønske om å få på plass ein større kampanje i dei følgjande åra. I år vert fokuset retta mot born, og ein vil møte opp på skular som arrangerer Sykkelskids for å feste lykter på syklane. I tillegg vil ein forsøke å få på plass eit samarbeid med Syklistenes landsforbund. Både TØI si ts-handbok, TØI-rapporten "Synlige syklister - bruk av sykkellys i Norge og effekt på ulykker" og Statens vegvesen sin temaanalyse av sykkelulykker for perioden 2005-2012, viser at det er eit potensial for å redusera tal ulykker om fleire bruker lys. Vurdert effekt varierer, men TØI meiner tal skadde og drepne kan reduserast med 10% om alle syklar med ljos. Det har ikkje vore søkt midlar til dette tidlegare. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 90 000 kr til aksjonen.

Trafikksikring i Undarheim barnehage

Undarheim Barnehage i Kvinnherad kommune søker midlar til å lage ei trafikkløype på uteområde i barnehagen med asfalt, skilt og oppmerking slik at barna kan lære seg trafikkreglar i trygge omgjevnader. Dei søker om 50 000 kr for denne opprustinga, og har ikkje lagt opp til nokon eigenandel. Fylkesrådmannen innstiller på at dei ikkje får støtte til dette då det ikkje er eit arrangement, og at pengane går i hovudsak til fysiske tiltak.

Tryggare skuleveg i Kvinnherad kommune

I Kvinnherad skal dei ha eit opplegg med ulike arrangement for dei ulike trinna. 6.trinn får opplæring som trafikkvakter, 1.-2. trinn skal gå turar i mørket for å observera trafikken og demonstrering av viktigheita av refleks og 4.-7. trinn skal ha sykkeldag. Kvinnherad skal samarbeide med politiet om opplæringa. Dei søker 19 385 kr til innkjøp av vestar, flagg og hovudlykter. Arrangementet når ut til mange elevar ved skulen, noko som gjer at arrangementet famnar breitt og alt frå 5-åringar til 13-åringar. Kvinnherad er også godkjent som Trafikksikker kommune. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 19 385.

Informasjonstavler i barnehagane i Kvam herad.

Kvam herad søker om 120 000 kr for å sette opp informasjonstavler i alle barnehagane i heradet. Dette er ein del av arbeidet med å bli Trafikksikker kommune. Skjermane kan mellom anna nyttast til å gi beskjedar om trafikkoplæring og informasjon. Fylkesrådmannen innstiller på at dei ikkje får støtte til dette då det ikkje er eit arrangement, og at pengane går i hovudsak til fysiske tiltak.

Badnaslepp (Smalahovesleppet)

Voss Sentrum arrangerer kvart år Badnaslepp, som er eit stadig voksende arrangement på Voss. I år skal dei ha trafikksikring som tema, og det blir aktivitetar for alle aldrar. Dei har mellom anna invitert Sykkelskids for å ha sykkeloplæring, teaterframsyning om trafikksikring ved teatergruppa «Ferist» og trafikkløype og utdeling av refleksar. Dei har ikkje søkt midlar til dette tida, og søker om 40 000 kr, totalkostanden for arrangementet er 87 500 kr. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 40 000 kr.

Trafikkdagar i Bringedalsbygda barnehage

Bringedalsbygda barnehagen har dei siste åra hatt fokus på trafikksikringsarbeid. Dette arbeidet har munna ut i to aktivitetsdagar i løpet av eit år. På hausten har dei rebusløp i nærmiljøet, der barna skal løysa ulike postar som er direkte knytt til trafikken rundt barnehagen. På våren har dei sykkeldag der dei nyttar seg av grusbana nedanfor barnehagen, der lagar dei ei hinderløypa. Desse aktivitetane synleggjer mykje av det arbeidet dei jobbar med gjennom heile barnehageåret. Det å ha samlingar med fokus på trafikk og høvande materiale er også viktig. Fylkesrådmannen er positiv til begge arrangementa, men innstiller i denne omgang på eit tilskot på 5 000 kr som dekker delen som skjer denne hausten, og inviterer Kvinnherad til å søke midlar til vår-arrangementet neste år.

Refleksvestaksjon 2019 ved Sædalens skule

FAU ved Sædalens skule i Bergen arrangerer kvart år refleksvestaksjon ved skulen. Dei søker no om 2 000 kr til innkjøp av premiar til det trinnet som gjer det best i konkurransen. Dei fekk midlar til fjordårets aksjon, og såg stor entusiasme blant elevane. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 2 000 kr.

Aktive barn – Tryggare skuleveg ved Undarheim skule

FAU ved Undarheim skule skal gjennomføre ein gå/sykle-til-skulen kampanje ved skulen. Målet er å få fleire til å sykle eller gå til skulen, og på den måten redusere trafikkbelastninga kring skulen. Trinna blir premiert etter kven som går eller sykler mest, men alle trinna som deltek vil få premie. Til saman har skulen omlag 250 elevar. Dei søker 27 000 kr som skal nyttast til premiar. Kvinnherad kommune er godkjent «Trafikksikker kommune», men ettersom midlane ikkje går til å sikre den trafikkfaglege delen av arrangementet innstiller fylkesrådmannen på eit tilskot på 10 000 kr.

Hjertekunstsone ved Ulsmåg skole, Møhlenpris oppveksttu og Slettebakken skole i Bergen kommune

Det er kome inn tre søknader frå skular i Bergen kommune om midlar til det same prosjektet, dei er difor omtalt samla her. Hjertekunstsone er eit prosjekt som heng tett saman med den store Hjertesone satsinga i Bergen kommune. Det er kunstnarar og ildsjeler som har gått saman om å skape prosjektet. Tanken er at det skal bli synleg i vegen at ein kjører på ein skuleveg. Det er ei opplevnig av at skilting ikkje er nok for å få bilistar til å senke farta, men at kunst skapt i samarbeid mellom kunstnarar og andre vil få bilistar til å senke farta. Skulane har ikkje vore i kontakt med SVV eller vegeigar for å få vurdert gjennomførbarheita av prosjektet, og fylkesmannen ser difor på prosjektet som ikkje heilt modent for å motta midlar i denne omgang.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fylkesrådmannen er godt nøgt med det høge talet på søknader i år. Når ramma for tildeling fekk eit løft var det også viktig å marknadsføre ordninga godt, dette har fylkesadministrasjonen lukkast med. Til tross for at ikkje alle søknadane kvalifiserer til støtte frå denne ordninga, har Fylkestrafikksikringsutvalet likevel vore med på å finansiere mange arrangement i 15 av fylkets kommunar. Vi ser ein tendens til at kommunane som er godkjent som Trafikksikker kommune er særlig aktive når det gjeld bruk av denne ordninga, det er positivt, men fylkesrådmannen håper sjølv sagt at enno fleire kommunar vil nyte seg av ordninga i framtida.